



Årsmelding for 2023 - Naturvernforbundet i Hardanger

Nytt lag

Dette er den første årsmeldinga til det nystifta lokallaget i Hardanger. I 2022 vart re-etablering av eit lokallag i Ullensvang oppgitt. Lokallaget i Kvam vedtok på sitt årsmøte 21.2.2023 å leggja seg ned til fordel for etablering av eit nytt felleslag. Pengane på laget sin konto, 81.906 kroner, vart etterkvart overført til det nye laget. Det avgåande styret i Kvam fungerte fram til stiftingsmøtet i Naturvernforbundet Hardanger 8.5.23. Det nye laget har medlemmar frå, og har som mål å dekkja kommunane Kvam, Ullensvang, Ulvik og Eidfjord. På stiftingsmøtet vart det valt styrerepresentantar frå dei tre førstnemnte kommunane.

Styremedlemar

- Klaus Rasmussen, Kvam (Øystese): Valt som styremedlem for 2 år og leiar for 1 år tlf 4566 7708 64 år, har firma i byggebransjen, har vore leiar i lokallaget i Kvam i fleire periodar. Glad i politikk, brygging og friluftsliv på sjøen og i fjellet.
- Elin Lervik, Ullensvang (Odda): Valt som styremedlem for 2 år 49 år, 2 vaksne barn, jobbar i administrasjonen til Odda Coating Technology, og er veldig opptatt av å ta vare på dyra og naturen vår.
- Bård Kråkevik, Ullensvang (Jondal): Valt som styremedlem for 1 år Lang fartstid som kyrkjetenar, no tilsett ved Baroniet Rosendal, sterkt engasjert i lokale naturvernsaker.
- Arjo Kvamme, Ullensvang (Lofthus): Valt som styremedlem for 1 år 23 år, tilflyttar på Lofthus, oppvaksen i Strandvik i Fusa. Har vore sivilarbeidar hos Natur og ungdom i Oslo.
- Christen Winterthun, Ullensvang (Odda): Valt som styremedlem for 2 år 57 år, advokat, som etter å ha vorte eldre og kanskje klokare har innsett kor viktig det er å prioritere natur og artsmangfald.
- Oddvar Soldal, Kvam (Øystese): Valt som styremedlem for 2 år 74 år, pensjonist, naturforvaltar frå NMBU. Har vore leiar og hatt styreverv i lokallaget i Kvam, og er vara til fylkesstyret.
- Leona Wunderlich, Ullensvang (Odda): Valt som styremedlem for 1 år Tilflyttar frå Tsjekkia, kjemiingeniør hos Boliden i Odda, glad i friluftsliv i nærnaturen.
- Lars-Helge Ljone, Ulvik: Valt som styremedlem for 1 år Gardbrukar/pensjonist i Ulvik, lang fartstid i Norsk bonde- og småbrukarlag.
- Bas van de Wiel, Kvam (Vikøy): Valt som 1. vara for 1 år
- Signe Langesæter, Ullensvang (Grimo): Valt som 2. vara for 1 år
- Vigdis Nielsen, Ulvik: Valt som 3. vara for 1 år
- Tore Bergum, Ullensvang (Grimo): Valt som 4. vara og økonomi- og rekneskapsansvarleg for 1 år

I tillegg har Lars Arvid Oma, Kvam (Øystese) teke på seg ansvaret for nettsida.

Organisatorisk arbeid

- Me har hatt **2 styremøte** sidan stiftinga, begge med godt oppmøte.
- Laget hadde **171 medlemmar** ved utgangen av 2023, herav ca 15 nye i 2023.
- Lokallag av **Miljøagentane** vart starta i høvesvis Øystese og Utne/Jondal, i regi av Sissel Huse tlf 970 96 902 og Sverre Stakkestad tlf 986 13 101



Politisk arbeid

- Stiftingsmøtet 8. mai vart etterfylgt av eit **ope møte** med tittelen «Ein redningsplan for reinen på Hardangervidda» og Tor Punsvik som innleiar. Etterpå var det debatt. 15-17 personar deltok på stiftingsmøtet, og 25-30 på det opne møtet om villreinen. Det var god omtale i media i etterkant.
- Klaus deltok på **rådsmøtet til Hardangerrådet** på Lofthus i februar, og hadde eit foredrag om strandsoneforvaltning. Han fremma vårt ønske om ein felles interkommunal forvaltning av fjorden. Det må bli eit strengare regime for oppdrettsnæringa. Me kan berre godta ny biomasse om det er i lukka anlegg, og plassert forsvarleg, gjerne i samband med annan industri eller på allereie “øydelaagte” areal. Oppdrett ureinar og er hovudgrunnen til overgjødslinga av fjorden, som vart påvist av Statsforvaltaren i år. Lakselus, tvilsam fiskevelferd, rømmingar og genblanding med villaks, utrydding av leppefisk, utslepp av dioksin og biosid er andre negative sider ved oppdrettsindustrien. Fjorden er vår allmenning og det er få område langs fjorden utan inngrep. Alle kommunar bør kunne samarbeide om bruk av fjorden og strandsona. <https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/forureining/eutrofiering-av-hardangerfjorden/>
- I samarbeid med fylkeslaget skipa me til eit **“Naturglede-arrangement”** i Fitjadalen (Øystese). Ca 15 personar deltok på turen og det var foredrag av Torbjørn Kaland om geologien i Hardanger og Oddvar Soldal om lokal historie.
- Me har engasjert oss i reguleringsplanen for eit komande **biogassanlegg i Tryglavik** (Jondal).



Området grensar til Gullbergnotten naturreservat på Jonaneset. Saka representerer det klassiske dilemmaet mellom rasering av natur og utviklinga av det grøne samfunn. Naturvernforbundet meiner saka ikkje er handtert korrekt av Ullensvang kommune og at saksutgreiinga er svært mangelfull. Vidare har me klagt inn Enova for å gi tilskott på kr 33 mill. før saka er ferdighandsama i lokaldemokratiet.

Foto: Lars Gunnar Lundblad

<https://naturvernforbundet.no/hordaland/lokallag/hardanger/>

- Me har engasjert oss i **kommuneplanen for Ullensvang** som er under arbeid. Me har teke til orde for at kommunen bør revurderer mange element frå arealplanane i gamle Jondal kommune.
- Me har levert uttale om vilkårsrevisjonen/utvidinga av Statkrafts **kraftverk rundt Mauranger/Folgefonna**. Me ynskjer ein progressiv og naturvenleg revisjon, der Statkraft ikkje berre måler natur i pengar og kraft.
- Me sendte innspel til både **regjeringas stortingsmelding og statsforvaltarens tiltaksplan for villreinen på Hardangervidda**. Villreinen kom på «raudlista» i 2022 og forvaltninga innførte eit trafikklys-system som skal reflektere levekåra og helsetilstanden til dyra. Stamma på Hardangervidda fekk raudt lys på mange område.
- Me har vore i møte med Eidfjord kommune saman med Naturmangfaldsgruppa i fylkeslaget, og har uttalt oss om det planlagde **hyttefeltet på Maurset**.



Naturvernforbundet

Hardanger



Gondoløbane i Odda.

Me har kommentert alle høyringar om pendelbaneprosjektet til Rossnos frå Odda på gamle smelteverket. Ullensvang kommune har investert mykje prestisje og pengar i dette prosjektet. Pendelbane/gondol til fjells vil vere nok eit stort inngrep i leveområdet til reinen. Christen Winterthun har hatt fleire gode innlegg i Hardanger folkeblad om saka.

- Me sende uttale om **MOWIs planar om utvida setjefiskanlegg i Herand**. Planarbeidet har pågått nokre år. Oddvar Soldal deltok òg på eit orienteringsmøte. Anlegget driv med eit utsleppsløyve frå kring 2003. Alt avfall går rett i sjøen på 12-15 meters djup.
- Me har uttalt oss til **reguleringsplanar på Oma og Eide i Kvam**. I begge tilfelle er det planar om omdisponering av naturområde. Planane er i strid med arealdelen i kommuneplanen.
- Me sendt inn kommentarar til **ny politikk for sentralnettet** (dok 8-forslag i Stortinget).
- I haust sendte me **brev til alle dei nye folkevalde** i Hardanger kommunane. Me bad om tilbakemelding på ein rekkje spørsmål om naturforvaltning i lys av «Montreal-avtala».
- Oddvar er med i referansegruppa for arbeidet med ein **kommunedelplan for Kvamskogen** og i referansegruppa for **Folgefonna nasjonalpark**. Klaus er medlem i **vassdragsvernvalet nasjonalt**.

På vegne av styret,
Klaus Rasmussen, leiar

Årsmøtet vert 14. mars kl 18 -2015 i Norheimsund på Hardanger fartøyvernssenter.

Møtet kan følgjast digitalt og alle medlem får tilsendt ein link i forkant.

Kl 1800 (før årsmøtet) har me to digitale innlegg om aktuelle tema om Hardangerfjorden.

Tema vert kunngjort, når me sender ut linken. Kl 1930 startar årsmøtet for medlem. Har du forslag til uttalar kan du kontakte Klaus Rasmussen.



Uttale på årsmøtet i Naturvernforbundet Hardanger 14.3.2024

Gondolbane til Rossnos – et misforstått kommunalt næringslivs- engasjement.

Også i 2024 vil Hardanger Lift as bygge gondolbane til Rossnos. Etter to tap i retten velger Hardanger Lift, som er deleid av Ullensvang kommunen, likevel å fremme et revidert forslag til reguleringsplan.

Naturvernforbundet Hardanger konstaterer at Ullensvang kommune med ordføreren i spissen ønsker å bruke betydelige ressurser på å bygge ned internasjonal verneverdig natur. Dette i sterk kontrast til signalene fra Stortinget og departementene som i 2023 ønsker ekstra søkelys på villreinen og leveområdene deres i kommunene.

Statsforvalteren i Oslo og Viken startet i 2023 arbeidet med en tiltaksplan for Hardangervidda. Skrapesjuka, klovsjuka og dårlige fødselstall viser en villreinstamme med store utfordringer. Forvaltningen jobber mot konkrete tiltak i fjellet, som skal gjøre livet enklere for reinen; det er brukt store ressurser på kartlegging og mange frivillige organisasjoner er involverte.

Ved første klassifisering av de ti nasjonale villreinområdene våren 2022 var det seks områder med «dårlig kvalitet», og bare fire områder med «middels kvalitet». Hardangervidda som det desidert største område hadde «dårlig kvalitet»
På bakgrunn av dette og rødlistingen av villrein i 2021, ønsker Regjeringen en ny stortingsmelding om villreinen.

Gondolbane versus Naturavtalen. Norge har forpliktet seg til vern og bevaring av 30 % av all natur og areal ved signering av «Naturavtalen» i Montreal. Alle kommuner må forvente å skulle delta i denne utfordringen, også Ullensvang.

Skal villreinen overleve må den få områder uten inngrep og støy.

I en tid der det er ekstra fokus på naturens rolle for framtida og mennesket, er det spesielt usolidarisk og bygge gondolbane til Rossnos. Signaleffekten Ullensvang kommune sender til neste generasjon er ikke tillitsvekkende.

Naturvernforbundet Hardanger mener det ikke er en kommunal oppgave å legge til rette for store inngrep i eller nær nasjonalparken eller bidra med penger til selskap som vil utvikle masseturismen med gondolbane i nasjonalparkområder



Naturvernforbundet

Hardanger

Fråsegn på årsmøtet i Naturvernforbundet Hardanger 14. 03. 2024

Natur trumfar industri i Tryglavik

Tryglavik er ein av dei vakraste og mest bortegøymde plassane i gamle Jondal kommune i Hardanger.

Rett etter tunnelen mot Sollesnes kan du rusla gjennom blandingskogen og finna fred ved ei sjeldan vakker rullesteinstrend.

Enn så lenge kan du klatra ut på svaberget og gå på oppdaging medan du høyrer skvulpelydar frå fjorden. Du kan klatra og hoppa frå stein til stein til du er på Jona-neset midt i Hardangerfjorden. Her kan du bada og eta nista til eit sjeldan vakkert utsyn mot Vesoldo og Tørviknuten.

Er du fortsatt i turmodus, kan du fylgja dei små bonsai-furuene opp fjellryggen og over tunnelen, du nett køyrde igjennom. Du går til fjells på ein spennande og vinglete sti oppover og inn i naturreservatet Gullbergnotten, som for nokre år sidan vart betydeleg utvida. Du går i gamal storvaksen furuskog, der blåbær, insekt og fuglar trivst, og laangt der nede kan du ana livet i Jondal..

Men «snipp, snapp, snute så er eventyret ute» om Ullensvang kommune får bestemta. Anleggsmaskiner og tonnevis med dynamitt vil omskapa paradiset til eit flatt industriområde med djupvasskai og storindustri. Kommunen har selt Tryglavik til eit spekulativt biogass-selskap, som igjen er selt vidare til andre aktørar som også vil tene pengar på «grønn industri» Alt dette er støtta av staten med 33 mill kr frå Enova.

Naturvernforbundet Hardanger er positiv til biogass, men det må vere utan å sprengja vekk det verdifulle fjordlandskapet.

Det er ein skuffande kortsiktig tankegang Ullensvang kommune presenterer med planane for Tryglavik. Nokon tonn med biogass skal forsvare ein uttradering av eit unikt naturområde! Slike tankar var vanleg på 1960 - 70 talet, men bør ikkje diskuterast i 2024.

Frå 1995 til 1998 sto kampen om Hereiane som skulle vera Nordeuropas største pukkverk. I dag er det «diamanten i Hardanger» og tusenårs-staden i Jondal.

Slaget om Tryglavik har berre så vidt begynt. Naturvernforbundet Hardanger oppmodar politikarane i Ullensvang om å avvisa reguleringsplanen for Tryglavik.

Møtebok for årsmøtet i Naturvernforbundet Hardanger 14. mars 2024

Naturvernforbundet Hardanger hadde sitt fyrste årsmøte 14. mars kl 1930 på Hardanger fartøyvernssenter i Norheimsund. Det var også mogeleg å vera med på møtet digitalt. Det møtte 19 medlemmer, 12 av dei deltok digitalt.

Saksliste:

Sak 1 Val av møteleiar, referent og protokollunderskrivarar

Klaus Rasmussen vart vald til møteleiar, Oddvar Soldal referent, Ingunn Undrum og Arjo Kvamme vart valde til å skriva under årsmøteprotokollen.

Sak 2 Godkjenning av innkallinga, dagsorden og sakar til eventuelt

Naturvernforbundets vedtekter § 12.9: "Årsmøtet er lokallagets høyste myndighet. Det avholdes hvert år innen utløpet av mars måned og alltid slik at fristene for innsending av saker til fylkeslagenes årsmøte kan overholdes." .. "Innkalling må være medlemmene i hende senest to uker før årsmøtet."

Innkalling og dagsorden vart godkjent. Ingen saker melde til eventuelt

Sak 3 Årsmeldinga for 2023

Klaus orienterte om ei fyldig og god årsmelding som vart godkjend

Sak 4 Rekneskap for 2023

Kasserar Tore Bergum orienterte og det reviderte rekneskapet vart godkjent

Sak 5 Val

Håvard Gjerde la fram valnemna si innstilling

To av dei førespurde medlemene, Bård Kråkevik og Vigdis Nilsen, ynskte å verta valde for eitt år. Årsmøtet ville gjerne ha god kontinuitet og overlapping i styret, difor vart Christen Winterthun, Klaus Rasmussen og Oddvar Soldal spurde om stå eitt år ekstra og vart valde for to år.

Det nye styret ser etter valet slik ut:

- Klaus Rasmussen, Kvam (Øystese): ikkje på val som styremedlem. Vald som leiar for eitt år til. **På val som styremedlem i 2026**
- Elin Lervik, Ullensvang (Odda): ikkje på val. **På val i 2025**
- Oddvar Soldal, Kvam (Øystese): vald for to år. **På val i 2026**
- Christen Winterthun, Ullensvang (Odda): vald for to år. **På val i 2026**
- Vigdis Nielsen, Ulvik: Vald for eitt år. **På val 2025**
- Bård Kråkevik, Ullensvang (Jondal): Vald for eitt år. **På val 2025**
- Arjo Kvamme, Ullensvang (Lofthus): Stiller som fast 2 år. **På val 2026**
- Bas van de Wiel, Kvam (Vikøy): Vald for to år. **På val 2026**

Varafolk, alle valde for eitt år:

- Lise Karine Haugland, Ullensvang (Lofthus):
- Leona Wunderlich, Ullensvang (Odda):
- Tore Bergum, Ullensvang (Grimo): økonomi- og rekneskapsansvarleg
- Geir Flatabø, Ulvik/Voss:

Valnemnd:

- Håvard Gjerde,leiar Kvam, Signe Langesæter, Ullensvang Lars Helge Ljone, Ulvik

Sak 6 Uttalar

- 1 Gondolbane til Rossnos – et misforstått kommunalt næringslivs-eksperiment
- 2 Natur trumfar industri i Tryglavik

Med nokre små, redaksjonelle endringar vart uttalane samrøystes vedtekne
Uttalane er med i det samla dokumentet som gjeld årsmøtet.

Sak 7 Arbeidsplan for styret i Naturvernforbundet Hardanger

Klaus Rasmussen hadde laga eit framlegg som vart vedteke med nokre tillegg frå Christen Wintertun og Bård Kråkevik.

Etablere ein tradisjon med 2 medlemsmøte per år med aktuelle tema:

- **Ope møte i Ulvik med fokus på fjorden og fiske**
- **Natur markering i Tryglavik i juni**

- Gjenopne Aksnesholmen i Kvam for beite. Betre levekåra for sjøfugl
- Følgje opp stortingsmeldinga for villrein
- Auka fokus på biologiske nøkkelartar
- Fremma ideen om ein interkommunal plan for strandsona og fjorden for indre Hardanger
- Følgje opp Mælen og Ullensvang kommune
- Ekstra fokus på eldre furuskog og bygginga av skogsbilvegar
- Bidra til at Miljøagentene vert etablert i Hardanger
- Samarbeide med andre organisasjonar om turar med formidling av kunnskap
- Rette fokus mot «Naturavtalen» og nye arealinngrep
- Nultolleranse for nye konsesjonar i oppdrettsindustrien for opne anlegg

- Nulltoleranse for vasskraftutbyggingar

Sak 8 Eventuelt og innmeldte saker

Det var ikkje meldt inn saker til eventuelt

Før årsmøtet, kl 18.00 var det halde eit ope møte med innleiingar som vart overførte slik at alle medlemmer som hadde meldt seg på kunne vera med. Det møtte 12 stk på «nettet» og ni i salen. Innleiarane frå Havforskningsinstituttet heldt til Bergen.

1 Bjørn Einar Grøsvik analyserte bruken av nye impregneringsmiddel i oppdrett, som kan vere svært skadelege over tid: ***"Fra kobber til biocider i oppdrett på noen få år - er dette en fremtidsrettet utvikling"***

2 Pål Buhl-Mortensen: ***«Korallhabitater og andre spennende naturtyper i Hardangerfjorden.»***

Det var tid til spørsmål og diskusjon etter kvart foredrag. Me hadde ikkje fått tak i så gode innleiarar utan å bruka nettet. Det fungerte godt både i salen og ut til medlemene som sat heime og såg på.

Møteboka for årsmøtet i Naturvernforbundet Hardanger 14. mars 2024 vert godkjent

Ingunn Undrum

Arjo Kvamme